



Kunnskapsdepartementet
Universitets- og høyskoleavdelinga
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

DYKKAR REF.: 200900832/OHA
DYKKAR DATO:
VÅR REF.: JHE-ENB
VÅR DATO: 14.04.2011

Høyringsuttale om endring i Lov om Studentsamskipnader

Studentsamskipnaden for Sunnmøre (SfS) sluttar seg til uttale frå Samskipnadsrådet, men ønsker i tillegg å kome med ein eigen uttale.

Pkt 2- Kontinuitet ved innlemming av av studentbustadstifting og heileigd AS i ein studentsamskipnad.

SfS støttar forslaget om at heileigde AS også kan innlemmast i studentsamskipnadane utan at det vert utløyst krav om dokumentavgift. Dette vil gjere det meir fleksibelt og enklare å kunne tileigne seg eigedommar som er eigd av private og gjere desse om til studentbustadar.

Pkt 3- Adgang til å tilby tenester til andre enn studentar.

Studentsamskipnadane har som oppgåve å tilby gode tenester til studentar. Desse tenestene kan variere frå studiestad til studiestad, og er avhengig av lokale forhold, behov, prioriteringar og tal på studentar (brukarar). Studentsamskipnader har ansvarlege styre som i stor grad brukar tid på risikovurdering og økonomisk styring. Tilhøve kan variere mykje frå studiestad til studiestad, og tilbod som vert tilbydt kan variere mykje. Enkelte stadar kan det difor vere avgjerande for økonomien i eit tilbod at dette vert tilbydt til andre enn studentar. Det lokale styret bør sjølv vere ansvarleg for at det er foretatt ei god risikovurdering før slike tilbod vert etablert. Dersom studentsamskipnader kan tilby tenester både til studentar og andre, kan det lokale tilbodet verte meir komplett. Prinsipielt bør ikkje studentsamskipnadane sette i gang aktivitetar retta mot andre enn studentar som ikkje går med overskot, og det må vere vurderingar i styret som avgjer slike etableringar. Vi meiner det er viktig å redusere risiko, men finn det unaturleg og unødvendig å lovfeste kravet til at tilbod til andre skal gå med overskot.

Pkt 4 Styrets samansetting og storleik

Det kan sjå fornuftig ut å avgrense tal på styremedlemmer slik at styret kan fungere optimalt.

Pkt 5 Kvalifisert fleirtal og styreinstruks

SfS meiner at krav om styreinstruks er ivaretatt i gjeldande lovverk (aksjelova).

Departementet ønsker å lovfeste "krav om kvalifisert flertall for styrebeslutninger i saker av vesentlig betydning for samskipnadens økonomi og organisering av tjenester". Dette vil seie at dei fleste saker som styret skal behandle vil ha krav om kvalifisert fleirtal. Brukarstyringa,

som er eit av grunnelementa for heile samskipnadsordninga, vil med dette forslaget ikkje lenger vere gjeldande. Vår erfaring er at studentane i styra er klar over kva ansvar dei har og tek eit stort ansvar. Erfaring viser at store og vanskelege saker i stor grad vert fatta av eit samla styre. Dersom brukastyring skal ha ei meining, er SfS sterkt ueinig i å lovfeste krav om kvalifisert fleirtal.

Pkt 6- Felles revison

SfS er sterkt ueinig i at departementet skal oppnemne felles revisor for alle studentsamskipnader. Revisor har ei viktig rolle i den enkelte verksemd, og vert i aksjeselskap valt av generalforsamlinga. Studentsamskipnadane har ikkje generalforsamling, men har styret som øverste organ. Styret vel revisor og departementet godkjenner dette valet. Dersom departementet har behov for meir kontroll og styring av revisor og den enkelte studentsamskipnad, kan dette gjerast gjennom instruks og klare retningslinjer.

Pkt 7- Departementets adgang til å avsette styret i særskilte tilfelle

Dersom departementet skal kunne avsette styret i ein studentsamskipnad vil dei tre inn som generalforsamling, og ein vil få eit anna organ som avset styret og utnemner interimstyret enn dei ordinære valorgan. Dette vil kunne medføre at det vert stilt spørsmål ved kven som er ansvarlege overfor forpliktelsane styret har og om studentsamskipnadane på denne måten vert oppfatta som ein del av forvaltninga.

Forslag om varslingsplikt er regulert i anna lovverk.

Pkt 8 - Forhold til anna lovverk

SfS er svært positive til den klare og tydelege avgrensinga som er gjort i forhold til anna lovverk, og sluttar oss til forslaget.

Pkt 9 Styrekompetanse

SfS støttar synet om at det er viktig med styrekompetanse og kompetente styre. I dag har dei fleste studentsamskipnader årlege kurs for styremedlemmer. Det kan vere ein ide at slik styreopplæring vert samordna slik at ein sikrar eit visst minimum av felles opplæring for nye styremedlemmar.

Med venleg helsing

Eivind Nævdal-Bolstad
Styreleiar



Jan Henning Egset
Adm.direktør